



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato  
06.12.2013  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/13110 472  
Dykkar referanse

IHM Administrasjon  
Postboks 161  
5709 VOSS

### Endeleg rapport frå inspeksjon ved Bjørkemoen miljøstasjon

Dato for inspeksjonen: 26.09.2013  
Rapportnummer: 2013.081.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda: Gunnar Bråten Helen Sørby Espen Hamre	Frå Fylkesmannen i Hordaland: Sissel Storebø Henriette Ludvigsen
---	--

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar ein merknad som vart gitt under inspeksjonen. IHM har kommentert rapportane for miljøstasjonane i Eidfjord, Jondal, Ullensvang (Utne og Kinsarvik) og Voss Bjørkemoen i brev av 4. november 2013. I tillegg har IHM og Fylkesmannen hatt møte om tilsyna den 29. november 2013. På bakgrunn av tilbakemeldinga gjer Fylkesmannen to endringar i avvik 2. Punkt 2d) vert endra frå avvik til merknad og punkt 2f) vert sletta.

Merknaden er nærare omtala på side 6.

Ingen tilbakemelding er nødvendig. Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei tema som vart kontrollert. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Hallvard Hageberg e.f.  
senioringeniør

Sissel Storebø  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Voss kommune

## Informasjon om verksemda

### Ansvarleg verksemd: Indre Hordaland Miljøverk

<b>Organisasjonsnr. (undereining):</b> 874834742	<b>Eigd av (org.nr.):</b> 971155876
<b>Besøksadresse:</b> Bjørkemoen 60, Voss	<b>Telefon:</b> 56 52 99 00
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.110 – Innsamling av ikke-farlig avfall	<b>E-post:</b> ihm@ihm.no

### Kontrollert anlegg

<b>Namn:</b> IHM Bjørkemoen Miljøstasjon	<b>Anleggsnr.:</b> 1235.0036.01
<b>Kommune:</b> 1235/Voss	<b>Anleggsaktivitet:</b> Avfall-mottak, mellomlagring og sortering
<b>Fylke:</b> Hordaland	<b>Kontrollklasse:</b> 4
<b>Løyve sist oppdatert:</b>	<b>Saksnr.:</b> 2013/13110

### Bakgrunnen for inspeksjonen

Det vart gjennomført ein nasjonal tilsynsaksjon av anlegg som tar imot og mellomlagrar farleg avfall i veke 38 og 39 i 2013. Aksjonen er ei oppfølging av tidlegare tilsynsaksjonar i 2004, 2006 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Mottakskontroll avfall
- Handtering – under dette lagring av farleg avfall
- Vidarelevering av farleg avfall
- Utsleppskontroll
- Avvikshandsaming
- Risikovurdering
- Oppfølging av tidlegare kontroll

### Statusen til rapporten:

Denne rapporten omhandlar ein merknad som vart funne under inspeksjonen og gjev inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei tema som vart kontrollert. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

## **Varsel om kontrollgebyr for verksemd utan løyve**

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7 om gebyr for kontroll i verksemdar utan løyve. Gebyret skal dekkje kostnader i samband med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen.

Fylkesmannen varslar med dette at IHM Bjørkemoen miljøstasjon vil få eit gebyr på 11 300 kroner for kontrollen. Kommenterar til varslet kan de sende til Fylkesmannen innan 2 veker etter at de har fått denne rapporten, jf. § forvaltningslova § 16.

Faktura med innbetalingsblankett vil bli ettersendt frå Miljødirektoratet.

## **Definisjonar**

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga, til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## **Avvik**

Følgjande avvik vart funne under Fylkesmannen sin inspeksjon:

**Avvik 1: Mottakskontrollen av farleg avfall er mangelfull**

### **Avvik frå:**

*Avfallsforskrift kapittel 11 (§§ 11-5, 11-7 bokstav e)  
Internkontrollforskrifta § 5*

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under.

a) Verksemda handterer farleg avfall utan nødvendig løyve frå Fylkesmannen.  
(*Avfallsforskrifta § 11-6*)

b) Verksemda tek imot farleg avfall som ikkje er dekkja av eksisterande løyve.  
(*Avfallsforskrifta § 11-6, og løyvet*)

c) Verksemda har ikkje etablert god nok mottakskontroll ved mottak av farleg avfall. (*Internkontrollforskrifta § 5*)

d) Kontrollen til verksemda med utfylling av deklarasjonsskjema er mangelfull.  
(*Avfallsforskrifta § 11-13*)

e) Mottakskontrollen er ikkje tilstrekkeleg til å hindre at motteke farleg avfall blir blanda med andre typar farleg avfall eller ordinært avfall. (*Internkontrollforskrifta § 5, jf. avfallsforskrifta § 11-5*)

f) Verksemda blandar farleg avfall med ordinært avfall. (*Avfallsforskrifta § 11-5*)

g) Verksemda har ingen journal for motteke farleg avfall. (*Vilkår i løyvet eller avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 9*)

h) Journalen til verksemda for motteke farleg avfall er mangelfullt utfylt. (*Vilkår i løyvet eller avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 9*)

**Avvik 2: Verksemda handterer ikkje det farlege avfallet sitt i samsvar med krav**

**Avvik frå:**

*Avfallsforskrifta kapittel 11 (§§ 11-5, 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2)*

Grunnlaget for avviket er krysset av og kommentert under.

a) Verksemda handterer farleg avfall på område som ikkje er dekkja av løyvet. (*Avfallsforskrifta § 11-6 og løyvet*)

b) Verksemda overskrid lagringstida for farleg avfall. (*Vilkår i løyvet eller avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 7.4*)

c) Verksemda lagrar større mengder farleg avfall enn tillate på anlegget. (*Vilkår i løyvet eller avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 7.4*)

d) Farleg avfall blir lagra på område som ikkje er tilstrekkeleg sikra mot utslepp. (*Avfallsforskrifta § 11-5, avfallsforskrifta § 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 6.2*)

e) Farleg avfall blir lagra i emballasje som ikkje eignar seg/eller er skadd. (*Avfallsforskrifta § 11-5*)

f) Verksemda har ikkje system for merking/tilsvarande system for å halde orden på lagerplass for farleg avfall. (*avfallsforskrifta § 11-5*)

g) Farleg avfall samlagrast slik at det er fare for farleg kjemisk reaksjon. (*Avfallsforskrifta §§ 11-5 og 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 punkt 7.4*)

h) Farleg avfall er ikkje sikra mot uvedkommande utanom opningstida. (*Avfallsforskrifta §§ 11-5 og 11-7 bokstav e, jf. vedlegg 2 (punkt 7.1 og 7.2)*)

**Avvik 3: Farleg avfall blir ikkje levert vidare til aktør med løyve til å handtere farleg avfall**

**Avvik frå:**

*Løyve gitt i medhald av avfallsforskrifta § 11-6, jf. forureiningslova § 11 og § 29.  
Avfallsforskrifta kapittel 11  
Avfallsforskrifta kapittel 13  
Forureiningslova § 7  
Internkontrollforskrifta § 5*

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under.

- a) Verksemda leverer farleg avfall til aktør utan løyve. (*Forureiningslova § 7, avfallsforskrifta § 11-8 og vilkår i løyve*)
- b) Verksemda eksporterer farleg avfall utan skriftleg samtykkeerklæring (*Avfallsforskrifta kap.13, jf. forordning (EF) nr. 1013/2006 artikkel 3*)
- c) Verksemda handsamar <type avfall> i form av <type handsaming> utan å ha løyve til dette. (*Avfallsforskrifta § 11-6 og løyvet*)
- d) Verksemda kan ikkje gjere greie for kvar det er vorte av <tonn> farleg avfall i 2009. (*Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7*)

**Avvik 4: Verksemda har ulovlege utslepp til vatn/grunn**

**Avvik frå:**

*Løyve gitt i medhald av avfallsforskrifta § 11-6, jf. forureiningslova § 11 og § 29  
Forureiningslova § 7*

Grunnlaget for avviket er kryssset av og kommentert under.

- a) Det er stor fare for at forureina overflatevatn kan føre til skade på <resipientnamn> eller grunn. (*Avfallsforskrifta § 11-5 og forureiningslova § 7 første ledd*)
- b) Oljeutskiljar blir ikkje tømt regelmessig og dette kan føre til forureining av <resipientnamn> (*Forureiningslova § 7*)
- c) Verksemda drenerer vatn frå tankar med farleg avfall og slepp dette til sjø over oljeutskiljar. (*Forureiningslova § 7 første ledd*)
- d) Verksemda har utslepp som er høgare enn utsleppsgrensene i løyvet. (Vilkår i løyvet)

**Avvik 5: Internkontrollen til verksemda har manglar**

**Avvik frå:**

*Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr.1-8.*

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under.

- a) Verksemda kjenner ikkje til pliktene sine for handtering av det farlege avfallet sitt (nr. 1)
- b) Opplæringa og kompetansen er mangelfull (nr. 2)
- c) Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall eller rutinane er mangelfulle (nr. 7)
- d) Verksemda har ikkje rutinar for avvikshandtering/tilbakemelding til avfallsprodusenten ved feildeklarering (nr. 7)
- e) Det er ikkje sett i verk rutine for tilstandskontroll av lagringstankar (nr. 6/7)
- f) Verksemda utfører ikkje tilfredsstillande risikovurdering av aktivitetane sine og mangelfulle handlingsplanar for å redusere risiko for uønskte hendingar (nr. 6)
- g) Beredskapen ved uhell er mangelfull. (Forureiningslova § 40)
- h) Anna /utdjuping

**Merknader**

Fylkesmannen har gitt følgjande merknad:

Sorteringshallen for farleg avfall hadde støypt golv med avrenning til rist som igjen førde til utandørs oljeavskiljar. Ved søl/spill av andre væsker enn olje vil dette gå til renseanlegget til IHM. Denne løysinga var ikkje vurdert i risikovurderinga.



*Rist i sorteringshallen som fører avløpet til oljeutskiljar  
Foto: Fylkesmannen I Hordaland 25.09.2013*